



## SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
44/2016	Kontrollutvalet	PS	07.12.2016

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Roger Erlandsen	FA - L02	15/320

### ORIENTERING FRÅ RÅDMANNEN OM SAKSHANDSAMING AV SAK «STAMNES SENTRUM VIDAREUTVIKLING»

#### Vedlegg:

Brev fra arbeidsgruppa for Stamnes sentrum

Stamnes sentrum vidareutvikling, budsjett

Stamnes sentrum vidareutvikling, kart 1

Stamnes sentrum vidareutvikling, kart 2

Stamnes sentrum vidareutvikling, sak 36, 2015, formannskap, plan- og økonomiutvalet

Stamnes sentrum vidareutvikling, sak 62, 2015, formannskap, plan- og økonomiutvalet, sak 39, 2015, kommunestyret

Stamnes sentrum vidareutvikling, sak 87, 2016, formannskap, plan- og økonomiutvalet

Stamnes sentrum vidareutvikling, sak 82, 2016, kommunestyret 14.11.16

#### Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek orienteringa frå rådmannen om sakshandsaminga av sak «Stamnes sentrum vidareutvikling» til orientering.

#### Kontrollutvalet - Sak 44/2016

#### KONT - Behandling:

Rådmannen informerte om sakshandsaminga:

- I 2010-2011 blei det satt av pengar til Stamnes sentrum
- Det blei i denne samanhengen satt ned ein politisk arbeidsgruppe av kommunestyret som skulle jobbe med ein reguleringsplan
- Når reguleringsplanen var ferdig blei arbeidsgruppa lagt ned
- Seinare kom ein lokal arbeidsgruppe (ikkje nedsatt av kommunestyret) med eit eget initiativ som gikk til behandling i formannskapet i april 2015
- I vedtaket i formannskapet (april 2015) blei det vedteke at det skal inngå samarbeid med den lokale arbeidsgruppa for utvikling av Stamnes sentrum
- Saka blei deretter behandla i kommunestyret i juni 2015 der det blei vedteke å utsetje saka, og at den vart å bli vurdert på nytt i samband med budsjettarbeidet

for 2016

- Våren 2016 blei det holdt eit møte mellom kommunen og den lokale arbeidsgruppa
- Forslag frå arbeidsgruppa blei fremma som sak i formannskapet \*) og kommunestyret
- Med omsyn til kjøp av gardsnummer 45, bruk 6, blei det i kommunestyret fatta eit vedtak om at dette skal skje på bakgrunn av uhilda takst (ihht til rådmannen sin innstilling). Administrasjonen fikk i oppgåve å lage ein samarbeidsavtale med arbeidsgruppa for Stamnes sentrum

\*) I behandlinga i formannskapet blei det stilt spørsmål om habilitet til ein person som tidlegare hadde vore medlem i arbeidsgruppa. Etter behandling av spørsmålet blei det vedteke at personen var habil.

Deloitte uttalte i møtet at dei er enig i at prisen for kjøpet av gardsnummer 45, bruk 6, må skje på grunnlag av uhilda takst. Spørsmålet om habilitet meinte dei var vanskelig å vurdere, då reglene for private arbeidsgrupper er uklare. Dei fant ikkje noke grunnlag for å hevde at habilitetsvurderinga var feil.

Deloitte viste til at administrasjonen har fått i oppgåve å lage ein samarbeidsavtale med arbeidsgruppa for Stamnes sentrum (vedtak kommunestyret 82/2016). Samarbeidsavtalen skal så til politisk behandling. Deloitte meinte at det kan være lettare å vurdere saka som heilhet når saksutredninga frå rådmannen er utarbeida. Deretter må det sjåast på kva for nokre vedtak som fattas i formannskapet og kommunestyret.

#### **KONT - Tilråding/Vedtak:**

Kontrollutvalet tek orienteringa frå rådmannen om sakshandsaminga av sak «Stamnes sentrum vidareutvikling» til orientering.

Kontrollutvalet ber om å bli holdt løypande orientert om saka.

#### **Saksopplysningar:**

Kontrollutvalet har motteke ein førespurnad frå eit av medlemene i kontrollutvalet som gjeld ein politisk sak: "Stamnes sentrum vidareutvikling". Det er ynskjeleg å sjå nærare på sakshandsaminga av denne saka. Saka blei behandla 3.10.16 i formannskapet, og 14.11.16 i kommunestyret.

Kontrollutvalet har bede rådmannen om å gje ein orientering til kontrollutvalet om sakshandsaminga.

Utvalet har også bede Deloitte om å sjå på sakshandsaminga, og dei vil delta i møtet.